



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval	
Møteleiar:	Mona Ryste	
Referent:	Bodil Haugen Våge	
Møtenummer:	3/2023	
Dato:	14.06.23	
Tid:	10:00.00 – 13:00	
Stad:	Teams	
<i>Vara medlemmar møter berre ved særskilt innkalling.</i>		
Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Ottar Røyset	Kommunalsjef Hareid	ja
Mona Ryste, <i>Leiar SSU</i>	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	ja
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	ja
Siri Talseth-Frilund,	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	ja
LSU Molde		
Tanja Thalen, <i>Nestleiar SSU</i>	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	ja
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	Ingrid Vassdal
LSU Kristiansund		
Ingeborg Johnsrud Dyrnes	Leiar LSU Kristiansund Kommunalsjef helse, Smøla kommune	Ja
Kjell Åsmund Bryn	Nestleiar LSU Kristiansund Seksjonsleder BUP Kristiansund klinikk SNR	Ja
Brukarrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	Ja
Brukarrepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	Ja
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	ja
Fast vara fastlegar/PK		
Thilde Svela	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	ja
Observatør Statsforvaltaren		
Grethe Teigland	Direktør Helse- og sosialavdelinga	ja
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, leiar Felles samarbeidssekretariat	Ja
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	Ja
Jan Erik Hovdenakk	Samhandlingskoordinator ROR Kommunalsjef drift og forvaltning Aukra kommune	Ja
Bjørn Buan	Samhandlingskoordinator Nordmøre (NIPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	Delvis
Bodil Haugen Våge	Samhandlingskoordinator Nordre Sunnmøre SR Felles sekretariatsfunksjon for kommunane i Helsefellesskap Møre og Romsdal, Rådgjevar Ålesund kommune	Ja
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre SR og 7 stjerna	Ja
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	ja



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

Referat

Sak nr.	Sak	Tidsplan	Ansvarleg
	Velkommen!	10:00-10.05	Mona Ryste-Leiar av strategisk samarbeidsutval
16/23	<p>Godkjenning av innkallinga Godkjenning av referat frå førre møte Sjå referatet HER</p> <p>Referat: Godkjent</p>	10:05-10:10	Mona Ryste-Leiar av strategisk samarbeidsutval
17/23	<p>Vardesenteret Referat: Vardesenteret ved Ålesund sjukehus blir eit mestringssenter for kreftpasientar, pårørande og etterlatne i Møre og Romsdal, med varierte aktivitetar og tilbod. Senteret skal vere ein stad å komme innom, ein møteplass for uformelle samtalar, men også ein stad for å få råd og rettleiing om eigen situasjon. Vardesenteret Møre og Romsdal er eit topartssamarbeid mellom Kreftforeningen og Helse Møre og Romsdal. Kreftforeningen står for finansiering, medan Helse Møre og Romsdal skal stå for den daglege drifta. Senteret vil vere bemanna av fagpersonar, likepersoner og frivillig vertskap.</p> <p>Presentasjon vedlagt.</p> <p>Ingeborg Dyrnes informerer om prosjektet CaReScreen Helseinnovasjonsenteret som eit aktuelt samarbeidsprosjekt.</p> <p>Det kjem spørsmål om korleis ein vil nå ut til meir desentrale kommunar i fylket. Det blir viktig å kome ut med informasjon om tilbodet til fastlegane.</p> <p>Vedtak: SSU tek orientering om Vardesenteret til vitande.</p>	10:10-10:40	Jo-Åsmund Lund Overlege onkologi, Kreftavdelinga HMR
18/23	<p>Orienterings- og drøftingssak: Årsrapport samhandlingsavvik 2022.: Leiar/nestleiar frå LSUane presenterer samhandlingsavvika for sitt LSU område og valgte forbettingsområde.</p> <p>Dialog:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Finst det fellesnemnarar og felles satsingar på tvers av LSU områda? - Kva med vidare arbeid når det gjeld arbeidet med samhandlingsvik. <p>Referat: LSU Kristiansund: Ingeborg Dyrnes presenterer. LSU Molde: Tanja Thalén presenterer. LSU Volda: Mona Ryste presenterer. LSU Ålesund: Siri Talseth-Frilund presenterer.</p> <p>Felles: Felles erkjenning om stor underrapportering av avvik. Felles utfordring i fylket når det gjeld ikkje sendt epikrise frå HMR HF til kommunane.</p> <p>Vedtak:</p>	10:40-11:10	Leiar/ nestleiar LSU



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

	1.SSU tek årsrapport for samhandlingsavvik mellom HMR og kommunane for 2022 til vitande 2.SSU tek orientering om valde forbettingsområde frå dei lokale samarbeidsutvala til vitande.		
	PAUSE	11:10-11:25	
19/23	<p>Orienteringssak: Felles handlingsplan Helsefellesskap Møre og Romsdal.</p> <p>Referat: Espen Ervik og Gudrun Karlsen orienterer om arbeidet. Statsforvaltaren stiller spørsmål om kven som bør sjå på dei nye lovkrava knytt til harmonisering av planverket i kommunar og helseføretak, og bør det vere ei eiga arbeidsgruppe som ser på det evt i regi av KS Møre og Romsdal.</p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> SSU tek orienteringa om arbeidet med Felles handlingsplan for Helsefellesskap Møre og Romsdal til orientering. SSU ber arbeidsgruppa fortsette sitt samarbeid i den hensikt å følgje opp arbeidet med mål og tiltak i dei faglege samarbeidsutvala og arrangere eit <i>evalueringspunkt mot slutten året der ein oppdaterer felles handlingsplan før fyrste møte i SSU over nyttår, ref. Bakgrunnen for saka i SSU møtet 16.11.22.</i> Felles handlingsplan skal bidra til å lyfte fram samhandlingstiltaka frå dei faglege samhandlingsutvala og synleggjere gjennomføringskrafta i helsefellesskapet. Felles handlingsplan skal bidra til å synleggjere dei gode tiltaka og eksempla i helsefellesskapet og spesielt knytt dei fire prioriterte pasientgruppene. 	11.25-11.45	Arbeidsgruppe
20/23	<p>Plan for korleis arbeidet kan takast vidare: «Samhandling rundt pasientar med alvorleg psykisk sjukdom og valdsproblematikk»</p> <ul style="list-style-type: none"> - Drøfting i forhold til plan for vidare arbeid sett i lys av kompleksitet og ulike partsforhold. <p>Referat: Drøftingssak. Saken legges frem uten forslag til vedtak. Line Lingen presenterer drøftingar i det faglege samarbeidsutvalet for psykisk helse og rus. Det er ei nasjonale prosedyre på gang i tillegg til nasjonale føringer, samt økonomiske virkemiddel. Det er også jobba med ei regional prosedyre i HMN. Møre og Romsdal har 60% av dei dømte i HMN og har no 50 personar som er i målgruppa. Tala kjem frå årsrapporten frå Nasjonal koordineringseinining. Korleis er vaksenhabiliteringa kobla på i arbeidet med dei som har ei erverva låg kognitiv fungering? Ansvarsforholda må avklarast. Det er ei kjempestor utfordring å rekruttere fagfolk til dette arbeidet. Derfor bør det etablerast bynære interkommunale tiltak nær familjøa i sjukehusa. Statsforvaltaren melder at arbeidet bør diskuterast vidare i Partnerskapsmøte og forankrast der. Begge nivåa må forholde seg til juridiske forhold som er avgrensande ift mulighetene i kommunane. Pasientane er krevjande både fagleg, personellmessig og økonomisk for kommunane.</p>	11:45-12:15	Fagleg utval for psykisk helse og rus.



Helsefellesskap Møre og Romsdal

Innkalling og sakliste

	<p>Vedtak: Orienteringa vert teke til vitande. SSU ber Fagleg samarbeidsutval for psykisk helse og rus arbeide vidare med felles retningslinjer og ulike modellar som kan presenterast i utvida samarbeidsmøte hausten 2023. Det må arbeidast med å analyser kvifor M&R har dobbelt så mange pasientar på dom samanlikna med landet elles.</p> <p>Vurdering: Vi drøftet en modell som kan utredes mer:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Koordineringsgruppe/Bistandsteam (tilsvarende modell som ROP-koordinerende team) - Fagpersoner med kompetanse innen fagområdet + samhandlingskompetanse - Personene skal være fra sine 4 LSU-områder - Mandat til å få samarbeidende seksjoner fra 1. /2.-linje å komme videre i samhandling 		
21/23	<p>Handlingsplan fagleg samarbeidsutval for kunnskapsoverføring, forskning og utdanning samt praksiskonsulentordninga.</p> <p>Referat: Bodil Haugen Våge presenterer handlingsplanen.</p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Strategisk samarbeidsutval gir honnør for arbeidet som er lagt ned av det faglege samarbeidsutvalet i arbeidet med handlingsplanen for Fagleg samarbeidsutval for kompetanseoverføring, forskning, utdanning og praksiskonsulentordninga og gjennom innspele frå dei lokale samarbeidsutvala. 2. Strategisk samarbeidsutval ber om at innspele som kjem fram møtet i Strategisk samarbeidsutval 14.06.23 blir vurdert innarbeidd i handlingsplanen eller ved rullering/ revisjon. 3. Strategisk samarbeidsutval godkjenner handlingsplan for Fagleg samarbeidsutval for kompetanseoverføring, forskning, utdanning og praksiskonsulentordninga slik den er framlagt. 4. Strategisk samarbeidsutval tilrår at både kommunane og Helse Møre og Romsdal HF gjer planen kjent for sine tilsette for å sikre eigarskap og etterleving av planen. 	12:15-12:35	Bodil Haugen Våge
22/23	<p>Orientering om straumbrot ved Ålesund sjukehus 13.03.23, 10 minutt</p> <p>Dialog (10 min): Læringspunkt?</p> <p>Referat: Hans Olav Ose orienterer om konsekvensane av straumbrotet som i tillegg ført til nettverksutfall. Dette omfatta også om varslingar internt i sjukehusa.</p> <p>Helseføretaket har eit planverk for å handtere slike hendingar og igangsetting av manuelle rutinar vart sette i verk.</p> <p>Hendinga vart etablert i CIM med autovarsling som då går ut til alle samarbeidspartar.</p> <p>Feilen vart retta etter 2 timer, men det tok fleire dagar før alle systema var oppe igjen.</p> <p>Det vart eit stort mediatorykk etter hendinga.</p> <p>Det er legevaktssentralane som er kontaktpunktet frå AMK og som må varsle kommunane.</p> <p>Presentasjon vedlagt.</p> <p>Vedtak: SSU tek orienteringa om straumbrot ved Ålesund sjukehus 13.03.23 til orientering.</p>	12:35-12:55	Hans Olav Ose

Helsefellesskap Møre og Romsdal



Innkalling og sakliste

	Takk for no! Syner til nettsida med plan for sommarstenging i HMR HF. Referat: Feriestengde avdelingar - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no)	12:55-13:00	Mona Ryste